



Thomas Børтveit  
Indre Haugsdal 767  
5984 Matredal

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/676 - 23/6754

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
01.08.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - bygge frittståande gjødselkum i stål - gbnr 57/6

Administrativt vedtak. Saknr: 063/2023

Tiltakshavar: Thomas Børтveit

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4

### VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 b) løyve til tiltak for oppføring av gjødselkumme i stål på gbnr. 57/6, Indre Haugsdal, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 26.06.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3 og minimum 15 m frå senterlinje til offentleg veg.
2. Tiltaket skal målast inn og koordinatar sendast kommune før det vert gjeve ferdigattest.
3. Tiltaket skal utformast iht. krav i forskrift om gjødselsvarer mv. av organisk opphav, §§18-21

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

## **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Driftsbrygning i landbruket, mindre enn 1000 m <sup>2</sup>	1	5.400,-
Totalt gebyr å betala			

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

## **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## **SAKSUTGREIING:**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om oppføring av gjødselkumme i stål på gbnr. 57/6 i indre Haugsdal.

### **Fakta**

Grunna sjukdom i besetninga på driftseininga er det behov for å etablera meir lagerplass for husdyrgjødsel på bruket. Det vert difor søkt om å etablera plass for dette.

Det skal nyttast frittståande stålkum frå Agromiljø på ca. 800 m<sup>3</sup> og 18 m. i diameter. Kummen vil bli dekka med flytedekke på toppen. Det er i dag etablert ei fylling der tanken vert plassert.

Tomta er utanfor aktsemråde for flom i Haugsdalsvassdraget, men innanfor utløpsområdet for steinsprang

#### **Vurdering**

Tiltaket er iht. planformål, som er LNF og hensynssone landbruk. Tanken vert plassert på ei eksisterande steinfylling og det er ikkje behov for vurdering etter jordlova. Tanken vil ikkje liggja innafor området som kan verta råka av flaum iht. NVE sine aksemduktskart.

Tiltaket er lovleg nabovarsla.

#### **Konklusjon**

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Thomas Børteit

Indre Haugdal  
5984  
767

Matredal